

Lid Jarnindustri A/S i Norheimsund:

38 år i landbruket si teneste

Snøfresarar, traktorskjær, traktorskuffer, vedkløyvarar, vedmaskiner, kappsager, potetopp-takrar.

Dette er dei viktigaste produkta ved Lid Jarn-industri A/S i dag. Ein serdeles viktig ressurs ved verksemda er at dei som driv produktutvikling har kunnskap og røynsle frå landbru-ket og at utprøving av nye produkt kan føregå i nær kontakt med brukarane, nemleg bøndene.

Av Finn Heradstveit

Den unge møbelarbeidaren Samson Lid var det ein i dag vil kalle ein «gründer». Denne landbruks Reodor Felgen kan nok kviskra mangt eit ord i øyra til industrifolk av i dag. Produkta frå Lid har alltid vorte utvikla på brukaren sine premissar.


*Moto-Standar med frontvogn.
Den som møtte ei slik etter vegen
med høylass hugsar nok det.*

Sykkelkjetting


Det var starten i 1948. Handkjerre og vaskemaskin kom raskt etter. Samson Lid er i gang. Kanskje vende han blikket mot 2-hjulstraktoren etter å ha studert bøndene og hesten trassa naturkreftene i arbeidet for føda.



*Samson Lid med sykkelkjettingen
frå 1948.*



*Samson Lid er ein skapande
mann framleis. Den store interesa
som pensionist er arbeid med
leire. Her med ein mann på ban-
dakrakk.*



Lid Jernindustri A/S i dag. I stille periodar har arbeidstokken vore med på utviklingsarbeid. Verksemda ligg like inn til E 68 mot Bergen.

Hesten får ein konkurrent

Eit monster av ei motorslåmaskin var grunnlaget. Kva anna kan denne gjera bortsett frå å slå gras? Så kom tilhengar, kardangvogn, frontvogn, sidetipp, lasteskuff, silosvans og mykje meir. Framsynte bønder i brattlende bruk kjøpte Dalen produkter.

I dag er mest all produksjon retta mot tre-punktmonterte reiskapar for 4-hjulstraktoren.

Stabil arbeidskraft

Arbeidstokken ved verksemda tel i dag rundt 60 personar. Gjennom alle år har arbeidskrafta blitt henta i nærliggjande distrikt. Mange bønder med små bruk har funne ei nødvendig ekstrainnretning på Lid.

Fortsettelse neste side



Optimistar

Sist år hadde verksemda ein omsetnad på 27 mill. kroner. Samson Lid har lete sønene overteke. Geir og Olav Lid leiar verksemda i dag. – Vi trur på framtida, seier dei. – Sjølv om landbruket går tyngre tider i møte trur vi at verksemda vil utvikla seg positivt. Med auka innsats på utviklingssida, forbeting av eksisterande produkt og investering i meir rasjonelt produksjonsutstyr, trur vi dette går bra, seier Geir og Olav Lid.

Geir og Olav Lid har tru på framtidia.



Sauebonde og industri- arbeidar

Johannes Tufteland har arbeidd ved Lid Jarnindustri A/S i 28 år.

Han har kone og 4 born og driv eit lite gardsbruk med 30 vinterfôra sau. Den vesle saueflokkene kan ikkje gi utkomme nok og for Johannes har Lid vore ein sikker og triveleg arbeidsplass. Kombinasjonen sveisar/sauebonde tykkjer Johannes er bra. – Eg har ingen fritidsproblem, seier han. – Sauene er mi store interesse og dei tek all mi fritid. Sauene er lite arbeidskrevande dyr og når ein må ha arbeid utanom så er det naturleg at det blir sau.

Også på organisasjonsplanet har Johannes engasjert seg i sauehaldet. – Eg har vore formann i veraringen i fleire år, men eg har gitt meg med det no, fortel han.

Johannes likar ikkje å reise, han er heimekjær og vi lurer på om ikkje han blir lei stundom? – Reiser eg, så er det til støls og lei, nei det blir eg ikkje, er svaret.



Johannes Tufteland meinar at verksemda og han sjølv har hatt gjensidig nytte av einan-nan gjennom 28 år i verkstad-
hallen.

*Johannes Tufteland er ein truf-
arbeidstakar på Lid.
– Eg har eit lite gardsbruk og
utanom arbeidet her er sauene ei
store interessa mi, seier han.*